



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

8 JAN 2014

Hordaland fylkeskommune  
Pb. 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kaisa Tonheim Banne - 55516273

Vår referanse:  
2013/107500-005

Dykkar referanse:  
201307174

Vår dato:  
03.01.2014

### Samla plan for omkøyringsveger - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag sendt 31. oktober 2013 frå samferdselsutvalet angående behov for ein samla plan for omkøyringsvegar i Hordaland.

Statens vegvesen Region vest utarbeidde for fleire år sidan planar for omkøyringsveger som sidan har vore brukt ved både planlagde og ikkje-planlagde vegstengingar. Det kartleggingsarbeidet som vart gjort i Region vest, var ein del av eit nasjonalt prosjekt. Dei andre regionane valde ulike måtar å presentere omkøyringsplanane sine på. Tanken var at alle regionane skulle over på same plattform når kartleggingsjobben var fullført. Av ulike grunnar stoppa dette nasjonale prosjektet opp. No er det nasjonale prosjektet starta opp igjen.

Planen er no å få på plass ein testversjon av ei elektronisk løysing for utarbeiding, lagring og bruk av omkøyringsplanar innan utgangen av januar 2014. Denne løysinga vil vere knytt opp mot VegCIM, og er utarbeidd at OneVoice, i samarbeid med fagmiljø i Statens vegvesen.

Nokre stikkord om den nye løysinga:

- Omkøyringsalternativ til identifisert stengingslenke (punkt A til punkt B) vert vist automatisk i kart
- Skiltplanar kan lenkast rett til predefinerte omkøyringsruter i verktøyet
- Tilrådde («første val») omkøyringsruter vil bygge på *predefinerte* stengingslenker – dette for å gjere det mogleg å utarbeide skiltplanar, innkjøp/pooling av naudsynte skilt på rett stad og ev. fysisk plassering av skilt ved veg for omkøyring for dei mest kritiske rutene.
- Informasjonsgrunnlag vil vere knytt til skilt/objektvarsel i vegloggen og data frå NVDB
- Einheitleg system for heile landet – vil gjere det enklare å samanstille og dele omkøyringsplanar på tvers av regionsgrenser, fremje erfaringsoverføring mm.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Det som kvar region må gjere framover (2014), er

- Å redefinere stengingslenkene vi allereie har på plass (sjå over), alternativt definere nye.
- prioritere dei strekningane som gjennom SAMROS 2013 (riksveg + rutevegnettet) er definert som dei mest sårbare strekningane
- gjennomføre SAMROS 2013 (grovanalyse for heile fylkesvegnettet etter same metode som for rutevegnettet), og på dette grunnlaget utarbeide tilsvarande omkøyringsplanar for denne delen av vegnettet.

I samband med arbeidet vårt med revisjon av fylkes-ROS for Hordaland fylkeskommune vil vi utarbeide ei oversikt over dei mest sårbare strekningane/objekta på hovudvegnettet i Hordaland. Dette arbeidet tar vi sikte på å fullføre i løpet av første halvdel av 2014.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing



Olav Finne  
Avdelingsdirektør



Kaisa Tonheim Banne